

Referat frå næringsfrokost om kommuneplanen – 25. september

Til orientering følgjer ei oppsummering av hovudpunkta frå næringsfrokosten arrangert med det lokale næringslivet. Det var 12 deltakarar til stades, og det viste seg eit stort og engasjert deltaking. Frå Valle kommune, vart det Åse Ingebjørg Flateland som leia medverknadsprosessen.

Hovudtema: Kommuneplanen – Samfunnsdel og næringsutvikling

Arealplanlegging og sentrumsutvikling

- Det vart lagt vekt på at fortetting i sentrumsområda er viktig for å skape kort veg til tenester og arbeidsplassar.
- Eit særskilt fokus var på framtidig utvikling av Valle sentrum, med diskusjonar om innhald, funksjonar og utsjånad.
- Det vart peikt på at utviklinga av Valle sentrum bør sjåast i samanheng med andre tiltak, som ei eventuell opprusting eller utvikling av Bygdeheimen.
- Det vart etterlyst ei revision av områdeplanen for Valle sentrum for å skape meir føreseiegleik og tryggleik for langsigta investeringar.

Bustadsutvikling

- Tilskotsordningar for bustadbygging vart møtt positivt og vurdert som ei god ordning for både kjøparar og utbyggjarar.
- Kommunens vilje til å kjøpe nye bustader vart sett på som eit viktig signal og eit godt instrument for å stimulere til bustadsbygging.
- Behovet for bustader med livsløpsstandard som passar for ulike livsfasar, vart også tatt opp.

Prosjektplanlegging og kompetanse

- Det vart understreka at det er utfordrande når for mange prosjekt køyrer samtidig, noko som skapar svingingar i arbeidstilgangen.
- For å motverke dette vart det framheva at det er naudsynt å porsjonere ut oppdrag over tid.
- Eit auka fokus på ras- og flaumvurderingar vart etterspurt, samt at kommunen bør tilrettelegge godt for innbyggjarane i høve til slike farar.
- Det vart også peikt på at kommunen bør nytta sitt handlingsrom til å fremje lokale verksemdar som leverandørar av tenester.

